



Notat

Dato: 30.08.2016
Arkivsak: 2015/11700-8
Saksbehandlar: josfare

Til:	Utval for Kultur, idrett og regional utvikling
Frå:	Fylkesrådmannen

Status for «Geopark» i Sunnhordland

Bakgrunn

I møte 08.06.2016 bad Geir Kjell Andersland om ei orientering om fylkeskommunen si rolle i Geopark prosjektet i Sunnhordland. Fylkesdirektøren orienterte KIRU munnleg. Denne saka er den skriftlege orienteringa som vart oppmoda om.

Europeisk Geopark.

Ein europeisk geopark er med i UNESCO sitt Global Network of Geoparks. Det er etablert 111 geoparkar under Global Geopark Network paraplyen i 32 land sidan 2000. I Norge er det etablert to etter 2006. Eit område med status som geopark skal kunne syne korleis dei geologiske føresetnadane har påverka biologisk mangfald, landbruk, busetnad, industriutvikling, samferdsel og kultur. Geoparkar skal koma innbyggjarane til gode ved å vera ein ressurs i småskala næringsutvikling, i undervisning og lokal identitetsbygging og i tillegg skal deltakarane tilretteleggje for reiselivsaktørane.

Geopark Sunnhordland, forprosjekt

I perioden september 2014 til juni 2015 har det i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland vore gjennomført eit forprosjekt som skulle undersøkje grunnlag og muligheit for å få etablert ein Geopark i Sunnhordland knytt til dei europeiske og globale nettverka av slike parkar. Leiar i forprosjektet var Brynjar Stautland. Det vart mellom anna gjennomført studietur til Geoparken i Toscana. Kristin Rangnes, dagleg leiar i Gea Norvegica, og koordinator i «European Geopark Network, Member of Global Geoparks Bureau, Treasurer in GGN association» var i møte med styringsgruppa for Geopark Sunnhordland, som fekk grundig orientering om krav som vert stilt for å bli medlem. I forprosjektet var planen å gjere vurderingar av framtidig organisering og drift av ein Geopark i Sunnhordland. Dette arbeidet er starta og vil vere ein viktig del av det vidare arbeidet.

Konklusjonen i forprosjektet er at Sunnhordland har grunnlaget for å kunna bygga opp ein Geopark i det europeiske og globale nettverket. Området er geologisk og kulturelt kvalifisert, ideelt geografisk avgrensa og har relevante tilbydarar av reiselivsprodukt. Ved å få etablert ein Geopark som «merkevare» har ein håp om auka omsetjing i reiselivsnæringa i Sunnhordland, i tillegg til styrka felles identitet gjennom auka kunnskap om lokal natur- og kulturhistorie. Gjennom forprosjektet vart det identifisert område, bedrifter og til dels prosjekt som vert ein naturleg del av innhaldet i geoparken.

Hovudprosjekt

Samarbeidsrådet i Sunnhordland arbeider no med finansiering av eit hovudprosjekt som skal ta prosjektet vidare og med mål om å søke medlemskap i UNESCO-nettverket innan 2017. I hovudprosjektfasen skal ein

bygga nettverk mellom bedrifter som vert sentrale aktørar for å formidla kunnskap om geologi og naturen, både gjennom historieforteljing og gjennom aktivitetar som er eller skal utviklast.

Fylkeskommunen si rolle

Fylkeskommunen har støtta forprosjektet med kr 100 000,- av totalkostnad på kr 350 000. I tillegg har seniorrådgjevar i fylkeskommunen, Jomar Ragnhildstveit (geolog) dokumentert det geologisk faglege grunnlaget for ein eventuell Geopark. Samarbeidsrådet for Sunnhordland og NCE Tourism har bidratt med midlar for å få fram grunnlaget som ein meiner skal til for å gå vidare i eit hovudprosjekt.

Det er sendt inn ein søknad til Handlingsprogram for Næringsutvikling i Hordaland 2016 om kr 1.5 mill fordelt på 2 år. Totalbudsjettet for hovudprosjektet er 2.1 mill.

Sakshandsamar i fylkeskommunen har i dialog og møte gjeve tilbakemelding om at ein ser på prosjektet som spanande og at ein ynskjer å støtte opp om prosessen fram mot etablering av Geoparken og ein søknad til UNESCO. I tillegg oppmodar fylkeskommunen om å knyte seg opp til «UNESCO Matbyen Bergen» for dialog og kompetanseoverføring.

Ein har likevel oppmoda Samarbeidsrådet om å bygge opp grunnlaget for Geopark Sunnhordland gradvis og rår til at det vert satsa på eit «trinn 2», der ein med bakgrunn i resultata frå forprosjektet gjer ein ennå grundigare fagleg vurdering og kvalitetssikring av dei geologiske førekomstane, og jobbar konkret med forankring av Geopark Sunnhordland i kommunar og næringsliv i regionen på ein slik måte at modellar for organisering og finansiering av parken vert presentert.

Det er gjort politisk vedtak både i Samarbeidsrådet og i Representantskapet, tre politisk valde frå kvar kommune, om at utvikling av Geopark Sunnhordland gjennom eit hovudprosjekt skal prioriterast. Dette kjem fram i brev til Hordaland fylkeskommune 27.04.2016.

I møte mellom Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Hordaland fylkeskommune 18.08.2016, konkluderte ein med at Samarbeidsrådet vil vurdere søknaden på nytt, og sjå på om, og i tilfelle korleis innspela frå fylkeskommunen kan innarbeidast i ein revidert søknad. Rådgjevarar på næringsseksjonen er gjerne behjelpelege med råd og rettleiing dersom søkar har trong for dette. Hordaland fylkeskommune ventar no på tilbakemelding frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

I høve til generell bruk av HNH- midlar vert informasjonen gjeve til KIRU i eiga sak.